# Mangelfull plan for AFA-bygget

21.07.2011



Akkurat no er det stillstand med tomteopparbeidinga på AFA-bygget (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommunen har ved gjenomgang av AFA-planen funne at det er mangelfull dokumentasjon om dei ytre rammene slik at dei ikkje kan ta stode til søknaden.**

Altanar og tilkomsttrapp er ikkje medteke. Prosjektet er difor ikkje korrekt plassert i høve til vegvesenets dispensasjon. Den er 15 meter til nærmaste punkt på bygget. Planen visar veggliv 15 meter frå senteret i fylkesvegen.

Bygget blir heller ikkje rett i høve til avstand til nabogrenser då det er innteikna med 19 meter breidde. Snitt-teikning viser 24,3 meter inklusive altanar og utvendige tråpper.

Parkeringsarealet er ikkje dimensjonert etter NBI sin planserie då manøvreringsbreidda vert altfor liten.

Sakshandsamar Jon Harald Kjærland har også eitpar andre korrigeringar.